DSB TEMA

# Rettleiar til forskrift om kommunal beredskapsplikt


Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap




Gjeven ut av: Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) 2018

ISBN: 978-82-7768-477-2 (PDF)

Framsidefoto: NTB scanpix

Grafisk produksjon: ETN Grafisk, Skien

# Rettleiar til forskrift om kommunal beredskapsplikt

Føreord ..... 5

1 **Innleiing** ..... 7

2 **Rammer for samfunnstryggleik og kommunal beredskapsplikt** ..... 11
2.1 Samfunnstryggleiks-prinsippa ..... 13
2.2 Heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiksarbeid ..... 13
2.3 Andre samfunnstryggleikskrav i kommunen ..... 15

3 **Om paragrafane** ..... 17
§ 1 Føremål ..... 18
§ 2 Heilskapleg risiko- og sårbaranalyse ..... 18
§ 3 Heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid ..... 22
§ 4 Beredskapsplan ..... 23
§ 5 Samarbeid mellom kommunar ..... 29
§ 6 Oppdatering/revisjon ..... 30
§ 7 Øveingar og opplæring ..... 31
§ 8 Evaluering etter øvingar og uønskte hendingar ..... 32
§ 9 Dokumentasjon ..... 33
§ 10 Tilsyn ..... 33

**Vedlegg 1:** Kommunal beredskapsplikt i lov og forskrifter ..... 40

**Vedlegg 2:** Samfunnstryggleikskrav til kommunane ..... 46

**Vedlegg 3:** Relevante rettleiarar og andre kjelder ..... 48

**Vedlegg 4:** Sjekkliste – Hovudmoment ved evalueringar av øvingar og uønskte hendingar ..... 50

# FØREORD

Kommunane har ei sentral rolle i arbeidet med samfunnstryggleik. Kommunane skal utvikle trygge og robuste lokalsamfunn, og har eit grunnleggjande ansvar for å beskytte befolkninga og bidra til å oppretthalde kritiske samfunnsfunksjonar. Denne rolla er gjort tydeleg gjennom vilkåra om kommunal beredskapsplikt.

I tråd med vilkåra om kommunal beredskapsplikt skal kommunane integrere samfunnstryggleik i dagleg verksemd og gje samfunnstryggleiksoppgåvene eit heilskapleg perspektiv. Vilkåra gjer også kommunen si rolle som lokal samordnar i samfunnstryggleiksarbeidet tydeleg.

Krav til kommunal beredskapsplikt vart gjort gjeldande frå 1. januar 2010 gjennom endringar i sivilforsvarslova. Vilkåra om kommunal beredskapsplikt vart vidareførte i lov 25. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivile vernetiltak og Sivilforsvaret (sivilvernelova).

Krava i sivilvernelova er konkretiserte i forskrift om kommunal verneplikt og i tilsvarande forskrift om bruk av sivilvernelova på Svalbard og om beredskapsplikt for Longyearbyen lokalstyre[1].

Dette er ein rettleiar til dei to nemnte forskriftene. Rettleiaren byggjer på erfaringar frå arbeidet med kommunal beredskapsplikt både på lokalt, regionalt og sentralt nivå. Han legg til rette for sams rammer og forståing av dei enkelte vilkåra om kommunal beredskapsplikt. Der det er andre rettleiarar med relevans til aktuelle vilkår, viser vi til desse.

Denne rettleiaren erstattar *Rettleiing til forskrift om kommunal beredskapsplikt* frå 2012.

Vi håpar rettleiaren kan bidra til sams forståing av krava til kommunal beredskapsplikt, og til å tydeleggjere tilhøvet mellom kommunal beredskapsplikt og anna arbeid med samfunnstryggleik og beredskap i kommunen.

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, april 2018 (versjon 2, oppdatert september 2021)



Cecilie Daae

[1] Forskrift 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt og forskrift 18. desember 2012 om bruk av sivilvernelova på Svalbard og om beredskapsplikt for Longyearbyen lokalstyre.

KAPITTEL

# 01

# Innleiing

## FRÅ SIVIL BEREDSKAP TIL SAMFUNNSTRYGGLEIK

Kommunane har alltid hatt viktige samfunnstryggleiksoppgåver, særleg når det gjeld vern av befolkninga. På 1990-talet vart sivil beredskap (samfunnstryggleik) lagt om. Dette ville seie at beredskapen mot tryggingspolitiske kriser og krig skulle vidareførast. I tillegg skulle beredskapsressursane rettast mot uønskte hendingar i fred. Nye planføresetnader, prinsipp og arbeidsmetodar vart lagde til grunn for utvikling av samfunnstryggleiksarbeidet. Dagens lovgjeving for kommunar og andre samfunnstryggleiksaktørar er ei oppfølging av denne omlegginga.

Kommunane fekk ei lovpålagd kommunal beredskapsplikt i dåverande lov om sivilforsvaret i 2010. Beredskapsplikta vart vidareført i lov 25. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivile vernetiltak og Sivilforsvaret (sivilvernelova). Kommunal beredskapsplikt er dei pliktene som er gjevne i §§ 14 og 15 i lova. Desse er konkretiserte i *forskrift om kommunal beredskapsplikt og forskrift om bruk av sivilvernelova på Svalbard og om beredskapsplikt for Longyearbyen lokalstyre* (sjå vedlegg 1).

Samfunnstryggleik definerast som: *"Evna samfunnet har til å verne seg mot og handtere hendingar som truar grunnleggjande verdiar og funksjonar og set liv og helse i fare. Slike hendingar kan vere utløyste av naturen, vere eit utslag av tekniske eller menneskelege feil eller medvitne handlingar."* (Meld. St. 10 (2016-2017) Risiko i eit trygt samfunn - Samfunnstryggleik).

Samfunnstryggleiken påverkast av verdiane vi skal verne og deira sårbare sider, farane og trugsmåla vi står overfor og evna vår til å førebyggje og handtere. For kommunane inneber oppfølging av kommunal beredskapsplikt å sjå samfunnstryggleiksverdiar og -utfordringar i eit heilskapleg perspektiv. Målet er å byggje trygge og robuste lokalsamfunn gjennom samarbeid mellom offentlege, private og frivillige samfunnstryggleiksaktørar.

Sysselmeisteren på Svalbard og statsforvaltaren er gjevne tilsynsstyresmakt med Longyearbyen og kommunane si etterleving av kommunal beredskapsplikt (sivilvernelova § 29 og forskriftene § 10).

## MÅLGRUPPER

Hovudmålgruppene for rettleiaren er **kommunane og Longyearbyen lokalstyre.**

Ei anna målgruppe er **eksterne aktørar** som har ansvar for samfunnstryggleik innan eigne fagområde. Deira deltaking og involvering er svært viktig for ei heilskapleg utvikling av samfunnstryggleiken.

Ei tredje målgruppe er **statsforvaltarane**. Dei er tilsynsstyresmakt og har ei viktig rettleiarrolle overfor kommunane i arbeidet med kommunal beredskapsplikt.

*"For kommunane inneber oppfølging av kommunal beredskapsplikt å sjå samfunnstryggleiksverdiar og -utfordringar i eit heilskapleg perspektiv. Målet er å byggje trygge og robuste lokalsamfunn gjennom samarbeid mellom offentlege, private og frivillige samfunnstryggleiksaktørar."*

## MÅLSETJINGA MED RETTLEIAREN

Rettleiaren skal bidra til sams forståing av krava til kommunal beredskapsplikt, og lette arbeidet til kommunen med å etterleve desse krava.

Ved å utdjupe forskriftsvilkåra og rammene som ligg til grunn, skal rettleiaren bidra til ei forståing av korleis samfunnstryggleiksarbeidet bør innrettast.

Det er også ei målsetjing å tydeleggjere tilhøvet mellom kommunal beredskapsplikt og anna arbeid med samfunnstryggleik og beredskap i kommunen.

## OPPBYGGING AV RETTLEIAREN

I kapittel 2 skildrast rammer for samfunnstryggleik og kommunal beredskapsplikt. Desse rammene er viktige for å forstå innretninga på forskriftene.

I kapittel 3 gjennomgår ein dei einskilde paragrafane i forskrifta.

Rettleiaren er eit oppslagsverk. Han ligg berre føre i elektronisk versjon.

DSB har laga fleire rettleiarar knytte til dei ulike verkemidla som beredskapsplikta omfattar. I tillegg er det fleire utgreiingar og rapportar som er relevante for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik, sjå figur 1. Lenkjer til desse dokumenta er samla i vedlegg 3.




**FIGUR 1.** Lov, forskrifter, rettleiar til forskrift og andre rettleiarar etc.

KAPITTEL

# 02

## Rammer for samfunnstryggleik og kommunal beredskapsplikt

Vilkåra om kommunal beredskapsplikt gjev kommunen rolla som lokal samordnar gjennom lovpålagde plikter. Desse pliktene består i at kommunen skal bruke særlege verkemiddel for å fremje

- Eit heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiksarbeid (sjå kapittel 2.2).
- Eit tverrsektorielt perspektiv.
- Samarbeid med andre samfunnsaktørar (sjå kapittel 2.3).

Døme på slike verkemiddel er heilskapleg risiko og sårbaranalyse (heilskapleg ROS) og overordna beredskapsplan.

Samordningsansvaret[2] inneber at kommunen tek ei pådrivarrolle, inviterer med andre samfunnstryggleiksaktørar og legg til rette for å samarbeide om verkemidla. Samordningsansvaret fører ikkje med seg endringar i ansvarstilhøva elles. Ansvarsprinsippet ligg fast (sjå kapittel 2.1).

Kommunen skal leggje til rette for eit samfunnstryggleiksarbeid som

- Vernar befolkninga og bidreg til å halde oppe kritiske samfunnsfunksjonar.
- Gje oversikt, kunnskap og medvit om samfunnstryggleiksutfordringar, og kva verknader desse vil ha for befolkning og lokalsamfunn.
- Reduserer risiko og sårbare sider gjennom førebyggjande arbeid.
- Sikrar god beredskap og krisehandteringsevne.
- Tek hand om samarbeid og samordning med interne og eksterne samfunnstryggleiksaktørar i kommunen.

Vilkåra om kommunal beredskapsplikt rettar seg mot å utvikla ein beredskap for uønskte hendingar som utfordrar kommunen, enten dei førekjem i fredstid, ved ei tryggingspolitisk krise eller ved væpna konflikt. Når det gjeld dei såkalla «kvardagshendingane», altså ulykker og hendingar i det daglege, handterast desse mellom anna med innsats frå nød- og redningstenesta. Krav til kommunar om tryggleiksrutinar og beredskap for å handtere «kvardagshendingane» finn vi i anna regelverk (sjå vedlegg 2).

Sjølv om søkelyset er retta mot ønskte hendingar som utfordrar kommunen, er eit godt førebyggjande arbeid og god grunnberedskap føresetnader for eit godt samfunnstryggleiksarbeid.

Dei tre nivåa er illustrerte i figur 2. I praksis vil det vere glidande overgangar mellom nivåa. «Kvardagshendingane» kan vere dei som eskalerer til eit nytt nivå.




**FIGUR 2.** Beredskap i tre nivå.

[2] På regionalt nivå har statsforvaltaren ei tilsvarande samordningsrolle. På sentralt nivå er samordningsrolla lagd til Justis- og beredskapsdepartementet (JD). Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) understøttar samordningsrolla til JD.

Eit område som illustrerer dette er klimaendringar: Hendingar som i utgangspunktet er små, kan etter kvart opptre oftare og i auka omfang. Eit anna perspektiv knytt til desse nivåa, er at det også vil kunne skje «kvardagshendingar» parallelt med tryggingspolitisk krise, eller ved ein væpna konflikt.

## 2.1 SAMFUNNSTRYGGLEIKSPRINSIPPA

Samfunnstryggleiksarbeidet i Noreg er basert på prinsippa om likskap, nærleik, ansvar og samvirke[3]. Prinsippa skal tydeleggjere at samfunnstryggleiksaktørane har eit ansvar for å utvikle robuste samfunnsfunksjonar, ha beredskap og samarbeide med andre for å handtere og normalisere situasjonen. Også kommunal beredskapsplikt byggjer på desse prinsippa.

### ANSVARSPRINSIPPET

Den verksemda som til dagleg har ansvaret for eit fagområde, har også ansvaret for samfunnstryggleiken på dette området. Ansvarsprinsippet inneber ei plikt til å oppretthalde viktige funksjonar og oppgåver innanfor eiga verksemd om det skjer ei uønskt hending.

Dei store utfordringane innan samfunnstryggleik går på tvers av sektorar, fagområde, forvaltningsnivå og aktørar. Dette krev gode arenaar for samarbeid og samordning.

### LIKSKAPSPRINSIPPET

Ved handteringa av ei uønskt hending skal organiseringa til kommunen vere mest mogleg lik den ordinære organisasjonen. Erfaring og kunnskap om organisasjonen som opparbeidast gjennom det daglege arbeidet, er eit godt utgangspunkt for effektiv krisehandtering.

### NÆRLEIKSPRINSIPPET

Ei uønskt hending skal handterast på lågast mogleg nivå, til dømes på skadestaden, i kommunen eller i verksemda som er råka.

### SAMVIRKEPRINSIPPET

Alle samfunnstryggleiksaktørar har eit sjølvstendig ansvar for å sikre best mogleg samarbeid med relevante aktørar og verksemder, både når det gjeld førebygging, beredskap og krisehandtering.

## 2.2 HEILSKAPLEG OG SYSTEMATISK SAMFUNNSTRYGGLEIKSARBEID

Forskrift om kommunal beredskapsplikt har som mål at samfunnstryggleiksarbeidet til kommunen skal vere *heilskapleg og systematisk*.

### HEILSKAPLEG SAMFUNNSTRYGGLEIKSARBEID

Heilskapleg samfunnstryggleik inneber tverrfagleg handtering av uønskte hendingar gjennom oversikt og kunnskap, *førebygging, beredskap, krisehandtering og normalisering* (jf. samfunnstryggleikskjeda[4]). Figuren på neste side viser ei inndeling i desse fasane, og kva paragrafar i forskrifta som kan knytast til dei enkelte fasane.

*«Forskrift om kommunal beredskapsplikt har som mål at samfunnstryggleiksarbeidet til kommunen skal vere heilskapleg og systematisk.»*

[3] Meld. St. 10 (2016-2017) Risiko i eit trygt samfunn - Samfunnstryggleik.

[4] Sjå nærmare omtale av samfunnstryggleikskjeda i Meld. St. 10 (2016–2017).

| Oversikt §§ 1 og 2 | Førebygging §§ 2 og 3 | Beredskap §§ 2, 3, 4 og 7 | Krisehandtering § 4 | Normalisering § 8 |
|---|---|---|---|---|
| **Oversikt** etablerast ved at kommunen samlar kunnskap og utviklingstrekk, lokale utfordringar og erfaringar.<br><br>På bakgrunn av dette gjennomførast heilskapleg ROS. | **Førebygging** er tiltak som kan redusere sannsyn og konsekvensar for uønskte hendingar.<br><br>Døme er haldnings-skapande arbeid, arealplanlegging og sikrings- og vernetiltak. | **Beredskap** er føre-buingar for å avgrense eller handtere uønskte hendingar og konsekvensane av dei.<br><br>Kommunal bered-skapsplikt stiller krav om ein øva overordna beredskapsplan. | **Krisehandtering** føreset god bered-skap med fullmakter for kriseorganisa-sjonen og prosedyrar for samhandling.<br><br>I krisehandtering inngår vurdering av vidare utvikling av hendinga. | **Normalisering** er å gjenopprette normaltilstanden. Skadeomfanget kartleggjast og tiltak som skal fungere på både kort og lang sikt startast opp.<br><br>Kommunen og andre må lære av erfaringane gjennom å evaluere hendinga. |

**FIGUR 3.** Heilskapleg samfunnstryggleiksarbeid.

## SYSTEMATISK SAMFUNNSTRYGGLEIKSARBEID

Kommunal beredskapsplikt stiller krav til at kommunen arbeider systematisk med samfunnstryggleik. Kravet til systematisk arbeid gjeld uavhengig av om kommunen utsetjast for uønskte hendingar. Systematisk arbeid og gode interne kvalitetssikringsrutinar sikrar at tryggleiksarbeidet til kommunen er oppdatert og utviklast i tråd med utfordringane kommunen har.

Det systematiske arbeidet kan illustrerast med modellen nedanfor (sjå figur 4), med tilvising til dei aktuelle paragrafane i forskrifta.




**FIGUR 4.** Systematisk samfunnstryggleiksarbeid.

# 2.3

# ANDRE SAMFUNNSTRYGGLEIKSKRAV I KOMMUNEN

Det er fleire regelverk som stiller krav til kommunane som lokal fagstyresmakt og verksemd, og til andre aktørar med roller og ansvar i samfunnstryggleiksarbeidet. Kommunen skal skape arenaar for samarbeid slik at samfunnstryggleiksarbeidet skjer i eit heilskapleg perspektiv.

## KOMMUNEN SOM LOKAL FAGSTYRESMAKT OG VERKSEMD

Som lokal fagstyresmakt har kommunen mellom anna ansvar for samfunnstryggleik innan

- helse og omsorg (helseberedskapslova, smittevernlova, strålevernlova, folkehelselova, helse- og omsorgstenestelova)
- sosiale tenester (sosialtenstelova og helseberedskapslova)
- brann- og redningsteneste (brann- og eksplosjonsvernlova)
- akutt forureining (forureiningslova)
- planlegging- og arealforvaltning (plan- og bygningslova)
- hamneforvaltning (hamnelova)
- sivilforsvar (sivilvernelova)
- oppfølging av tiltak i sivilt beredskapssystem[5]
- bistand til næringslivet i næringsberedskapen (næringsberedskapslova)

Vedlegg 2 gjev ei oversikt over regelverk som stiller krav til samfunnstryggleiksarbeidet til kommunane. I vedlegg 3 er det ei oversikt over utvalde rettleiarar i den samanhengen.

Det stillast også krav til samfunnstryggleik i tenester/funksjonar der kommunen kan vere eigar. Dette er til dømes verksemder som

- skolar og barnehagar (folkehelselova, forskrift om miljøretta helsevern i skole og barnehagar etc. og rundskriv om beredskap mot alvorlege tilsikta hendingar i skolar og barnehagar)
- vassverk (helseberedskapslova, folkehelselova og drikkevassforskrifta)

I tillegg stiller mange kommunar tryggleiks- og beredskapskrav til arrangørar av ulike arrangement innan t.d. kultur og idrett.

## KOMMUNEN SOM PÅDRIVAR OVERFOR ANDRE SAMFUNNSTRYGGLEIKSAKTØRAR

I tillegg til kommunen sjølv, finst det fleire andre aktørar som er viktige for arbeidet til kommunen med samfunnstryggleik. Kommunen skal leggje til rette for samarbeid og har ei pådrivarrolle overfor desse aktørane.

Døme på slike samfunnstryggleiksaktørar er:

- Fylkeskommunen
- Energi- og nettselskap
- Leverandørar av tenester innan telekommunikasjon, daglegvarer, drivstoff og transporttenester
- Akuttmedisinsk teneste og helseføretak
- Politi
- Statens vegvesen
- Avinor
- Kystverket
- Forsvaret
- Sivilforsvaret
- Frivillige organisasjonar
- Storulykkeverksemder og industrivernpliktige bedrifter
- Dameigarar

[5] Ved ei tryggingspolitisk krise eller væpna konflikt, kan sivilt beredskapssystem (SBS) bli teke i bruk. Kommunen kan få oppgåver/tiltak som må integrerast og samordnast i overordna beredskapsplan både frå Statsforvaltaren og sentrale styresmakter.

For desse aktørane er det gjeve krav til beredskap i eige fagregelverk, eller på bakgrunn av eige forvaltningsansvar (jf. ansvars- og likskapsprinsippet ref. kapittel 2.1). Nedanfor er nokre døme:

- Politiet har ansvaret for å avverje tap og skade ved ulykkessituasjonar, og koordinere innsatsen til aktørane frå nød- og redningstenesta. Politiet kan også få bistand frå Sivilforsvaret og Forsvaret.
- Akuttmedisinske tenester og helseføretak har ansvar for å ta vare på akuttfunksjonar ved masseskadar.
- UDI har beredskapsansvar for massetilkomst av flyktningar.
- Dameigar har varslingsplikt ved fare for dambrot.
- Energi- og nettselskap har ansvar for å oppretthalde produksjon og distribuere energi.

Verksemder som ligg i ein kommune (både kommunen sjølv og andre) kan også ha eit ansvar knytt til kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik, gjennom t.d. HMS-regelverket, regelverket for miljøretta helsevern og smittevernlova.

Døme er:

- Storulykkeverksemder og andre som transporterer, lagrar eller produserer eksplosiv og farlege stoff har ansvar for å halde risiko for eigne tilsette og befolkninga i området på eit akseptabelt nivå, og for å ha ein beredskap mot uønskte hendingar.
- Arrangørar har beredskapsansvar for deltakarar på sine arrangement.
- Vidaregåande skolar, høgskolar og universitet etc. har ansvar for tryggleik og beredskap for eigne tilsette og elevar/studentar.
- Transportbedrifter (til dømes reiarlag, flyselskap, jernbane og busselskap) har ansvar for passasjerar og eventuelt andre råka, og kan også få ansvaret for pårørande til reisande og eigne tilsette.

Ved ei uønskt hending har desse verksemdene eit sjølvstendig ansvar på bakgrunn av eige fag- og forvaltningsansvar, eller som råka verksemd. I ein akuttfase vil det likevel kunne skje at kom munen må bidra med individuelle tenester etter sosialtenestelova

## KOMMUNALT BEREDSKAPSRÅD

For å samle alle samfunnstryggleiksaktørane i kommunen, rår Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap til at det etablerast kommunale beredskapsråd. Mange kommunar har allereie eit beredskapsråd.

Det kommunale beredskapsrådet vil vere ein viktig arena for kommunen å ta vare på samordningsrolla. Beredskapsrådet består ofte av lokale aktørar frå politisk og administrativ leiing i kommunen, representantar frå private og offentlege samfunnstryggleiksaktørar som eigarar av kritisk infrastruktur og kritiske samfunnsfunksjonar, næringsliv, frivillige organisasjonar, politi, Sivilforsvaret og Forsvaret. Det er naturleg å involvere beredskapsrådet i arbeidet med heilskapleg ROS, overordna beredskapsplan, øvingar og i krisehandtering.

KAPITTEL

# 03

## Om paragrafane

I dette kapitlet går vi gjennom paragrafane i forskrift om kommunal beredskapsplikt. Kvar paragraf blir skildra med utgangspunkt i meininga med paragrafen og sentrale omgrep i han. Det blir også vist til andre paragrafar i forskrifta og anna regelverk som har noko å seie. Der det høver seg, utdjupar vi også enkelte tema.

Krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt og forskrift om beredskapsplikt for Longyearbyen lokalstyre er i all hovudsak like. Nummereringa på paragrafane i forskrifta for Longyearbyen lokalstyre er likevel skuva fram til § 6 (sjå vedlegg 1 for ei oversikt). Denne rettleiaren følgjer nummereringa til forskrift om kommunal beredskapsplikt.

## § 1 FØREMÅL

> *Forskrifta skal sikre at kommunen tek vare på tryggleiken til befolkninga. Kommunen skal jobbe systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleiksarbeidet på tvers av sektorar i kommunen med sikte på å redusere risiko for tap av liv eller skade på helse, miljø og materielle verdiar.*
>
> *Plikta omfattar kommunen som styresmakt innanfor sitt geografiske område, som verksemd og som pådrivar overfor andre aktørar.*

Føremålsparagrafen tydeleggjer rammene for kommunal beredskapsplikt (sjå kapittel 2).

Paragrafen understrekar kven og kva som omfattast, og korleis kommunen skal etterleve kommunal beredskapsplikt.

Paragrafen peikar på kommunen sine ulike roller som verksemd, som lokal plan- og fagstyresmakt og som eigar av kritiske samfunnsfunksjonar. Kommunen er også lokal styresmakt med eit samordningsmandat og med ei viktig rolle som pådrivar overfor andre samfunnstryggleiksaktørar innan det geografiske området til kommunen.

***Befolkninga***
Befolkninga er dei som bur og oppheld seg i kommunen.

***Systematisk og heilskapleg***
Sjå kapittel 2.2 og nærmare omtale i § 3.

## § 2 HEILSKAPLEG RISIKO- OG SÅRBARANALYSE

> *Kommunen skal gjennomføre ei heilskapleg risiko- og sårbaranalyse, under dette kartleggje, systematisere og vurdere sannsynet for uønskte hendingar som kan skje i kommunen og korleis desse kan påverke kommunen.*
>
> *Den heilskaplege risiko- og sårbaranalysen skal forankrast i kommunestyret.*
>
> *Analysen skal som eit minimum omfatte:*
>
> *a. eksisterande og framtidige risiko- og sårbarfaktorar i kommunen*
> *b. risiko og sårbare sider utanfor dei geografiske områda til kommunen som kan ha noko å seie for kommunen*
> *c. korleis ulike risiko- og sårbarfaktorar kan påverke kvarandre*
> *d. særlege utfordringar knytte til kritiske samfunnsfunksjonar og tap av kritisk infrastruktur*
> *e. evna kommunen har til å oppretthalde verksemda si når han utsetjast for ei uønskt hending og evna til å ta opp att verksemda si etter at hendinga har skjedd*
> *f. behovet for befolkningsvarsling og evakuering*
>
> *Kommunen skal sjå til at relevante offentlege og private aktørar inviterast med i arbeidet med utarbeiding av risiko- og sårbaranalysen.*
>
> *Der det blir avdekt behov for vidare detaljanalysar skal kommunen gjere ytterlegare analysar eller oppmode andre relevante aktørar til å gjennomføre desse. Kommunen skal stimulere relevante aktørar til å setje i verk førebyggjande og skadeavgrensande tiltak.*

Vilkåret utdjupar sivilvernelova § 14, første ledd. Denne seier at *"Kommunen plikter å kartlegge hvilke uønskede hendelser som kan inntreffe i kommunen, vurdere sannsynligheten for at disse hendelsene inntreffer og hvordan de i så fall kan påvirke kommunen. Resultatet av dette arbeidet skal vurderes og sammenstilles i en helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse"*.

Eit av dei grunnleggjande verkemidla i kommunal beredskapsplikt er ein heilskapleg risiko- og sårbaranalyse (heilskapleg ROS). Heilskapleg ROS skal vere plangrunnlaget for samfunnstryggleiksarbeidet til kommunen. Paragrafen stiller minimumskrav til innhaldet i heilskapleg ROS. Han stiller også krav til at kommunen involverer relevante aktørar i arbeidet.

I tillegg til krava i denne paragrafen stillast det krav til oppfølging av heilskapleg ROS (§§ 3, 4 og 7), oppdatering og utvikling av den heilskaplege ROS-en til kommunane (§ 6), og at funn frå evalueringar etter øvingar og uønskte hendingar skal følgjast opp med naudsynte endringar i heilskapleg ROS (§ 8).

***Uønskede hendingar***
Utgangspunktet for heilskapleg ROS er dei moglege framtidige uønskte hendingane som utfordrar kommunar, befolkning og kritiske samfunnsfunksjonar.

***Heilskapleg risiko- og sårbaranalyse***
Heilskapleg ROS skal bidra til at utfordringar, konsekvensar og ting ein er gjensidige avhengig av sjåast
i samanheng. DSB sin rettleiar *"Rettleiing til heilskapleg risiko- og sårbaranalyse i kommunen"* skildrar heilskapleg ROS trinn for trinn.

***Forankring i kommunestyret***
Heilskapleg ROS er eit verkemiddel for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik. Difor er det stilt krav om at heilskapleg ROS skal forankrast i kommunestyret. Kommunestyret bør involverast både i oppstarten av arbeidet og når analysen ligg føre. Den politiske og administrative leiinga i kommunen bør formidle tydeleg kva som kan aksepterast av risiko og sårbare sider og kva mål og strategiar dei har for å styrke samfunnstryggleiken i kommunen (§ 3).

***Minimumskrav til heilskapleg ROS:***
Eksisterande og framtidige risiko- og sårbarfaktorar (§ 2 a)

Heilskapleg ROS skal omfatte både eksisterande og framtidige risiko- og sårbarfaktorar. Slike faktorar kan vere knytte til:

- Fysiske og naturgjevne tilhøve.
- Samfunnsmessige tilhøve (til dømes internasjonale, sosiale, demografiske og økonomiske tilhøve, samferdsle, næringsverksemder, kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur).

I vurdering av framtidige risiko- og sårbarfaktorar er det viktig å sjå på endringar i slike faktorar, som til dømes planar for framtidig utvikling og konsekvensar av klimaendringar.

Risiko og sårbare sider utanfor kommunen sine geografiske område som kan ha noko å seie for kommunen (§ 2 b)

Heilskapleg ROS skal omfatte vurdering av faktorar utanfor dei geografiske grensene til kommunen, som kan ha noko å seie for samfunnstryggleiken. Dette kan til dømes vere risiko ved handtering av farlege stoff nær kommunegrensene, naturfarar som vil kunne råke større geografiske område og uønskte hendingar i andre kommunar eller land som vedkjem innbyggarane i kommunen.

Særleg vil uønskte hendingar som vedkjem kritiske samfunnsfunksjonar kunne få konsekvensar i ein kommune, sjølv om hendinga skjer utanfor kommunen sine grenser. Døme på dette er bortfall av energi, mangel på drikkevatn og stengde vegar.

Korleis ulike risiko- og sårbarfaktorar kan påverke kvarandre (§ 2 c)

Heilskapleg ROS skal omfatte ei vurdering av korleis ulike risiko- og sårbarfaktorar påverkar kvarandre. Det bør leggjast vekt på:

1. Korleis uønskte hendingar påverkar kritiske samfunnsfunksjonar (til dømes korleis flaum kan påverke korleis ein kjem seg fram på vegnettet).
2. Tilhøvet mellom uønskte hendingar og eventuelle følgjehendingar (til dømes sterk vind som fører til straumbrot).
3. Korleis svikt i ein eller fleire kritiske samfunnsfunksjonar påverkar andre kritiske samfunnsfunksjonar (til dømes straumbrot som gjev konsekvensar for vatn- og avløpstenester).

Særlege utfordringar knytte til samfunnsfunksjonar og tap av kritisk infrastruktur (§ 2 d)

Heilskapleg ROS skal omfatte særlege utfordringar knytte til kritiske samfunnsfunksjonar og tap av kritisk infrastruktur. *Kritiske samfunnsfunksjonar* er dei funksjonane som samfunnet må oppretthalde for å ta hand om dei grunnleggjande behova til befolkninga. Med kritisk infrastruktur meiner vi dei tekniske installasjonane som sikrar leveransar til kritiske samfunnsfunksjonar.




DSB har utarbeidd ei oversikt over kva funksjonar som er kritiske for samfunnstryggleiken, sjå *"Samfunnet sine kritiske funksjonar"*. I DSB sin *"Rettleiar til heilskapleg risiko- og sårbaranalyse i kommunen"* er oversikta tilpassa kommunen. I arbeidet med heilskapleg ROS må kommunen vurdere om desse kritiske funksjonane er dekkjande og relevante.

Kommunen si evne til å oppretthalde verksemda si og evna til å ta opp att verksemda si etter at hendinga har skjedd (§ 2 e)

Heilskapleg ROS skal omfatte vurderingar av kommunen si evne til å oppretthalde og gjenopprette verksemda si. I denne vurderinga bør det takast stilling til følgjande:

- Kva kritiske samfunnsfunksjonar som kan bli råka av dei uønskte hendingane, og om kommunen greier å oppretthalde verksemda si under hendingane.
- Kva konsekvensar eit eventuelt bortfall vil få for andre samfunnsfunksjonar
- Om dei kritiske samfunnsfunksjonane vil kunne ta opp att verksemda si etter at hendingane har skjedd.

Her presiserast det at heilskapleg ROS må inne-halde ei sårbarvurdering. Når kommunen vurderer sårbare sider må § 2 c) og d) sjåast i samanheng. Vurderingane har også noko å seie for om det er naudsynt med særskilde ressursar, tiltak og prosedyrar i overordna beredskapsplan (§ 4).

Behovet for befolkningsvarsling og evakuering (§ 2 f)
Her presiserast det at heilskapleg ROS skal innehalde ei vurdering av behovet for befolkningsvarsling og evakuering.

*Befolkningsvarsling* vil seie å bruke etablerte infrastrukturar for raskt å varsle dei ein reknar med blir råka, for å redusere konsekvensane av hendinga.

Behovet for befolkningsvarsling vurderast ut ifrå:

- Kva konsekvensar dei uønskte hendingane vurderast å ha.
- I kva grad desse konsekvensane kan reduserast ved bruk av varsling, eller anna form for kommunikasjon.

Om kommunen meiner det vil vere behov for befolkningsvarsling, følgjast dette opp gjennom å ta utgangspunkt i eksisterande nasjonale ordningar, eller å vurdere om andre aktørar er pålagde å varsle befolkninga. Slike aktørar kan vere verksemder som utgjer ein særskild risiko, til dømes dameigarar og storulykkeverksemder (sjå sivilvernelova § 16). Ein eventuell plan for befolkningsvarsling vil inngå i overordna beredskapsplan (§ 4 d).

Meininga med *evakuering* er å få råka personar i tryggleik og syte for at deira grunnleggjande behov blir tekne hand om.

Når heilskapleg ROS omfattar *"behovet for evakuering"*, betyr dette i praksis å vurdere behovet for og omfang av ei eventuell evakuering. Resultata av vurderinga følgjast opp i plan for oppfølging og i plan for evakuering i overordna beredskapsplan (sjå §§ 3 og 4 d).

Det er *politiet sitt* ansvar å evakuere, dvs. vedta evakuering og syte for at råka personar kjem i tryggleik (sjå politilova § 27), medan det er *kommunen* si oppgåve å syte for innkvartering og forpleining, og at dei Individuelle tenestene til dei evakuerte vert teken vare på (sjå sosialtenestelova).

Om kommunen vurderer det tryggleikspolitiske biletet vil ei slik vurdering sjåast i høve til sivilforsvarsoppgåvene til kommunen, under dette krav om evakuering i krig og når krig truar (sjå sivilvernelova §§ 17-19).

Oppgåvene til kommunen ved bistand til evakuering etter § 16 i strålevernlova bør også vurderast i denne samanhengen.

***Invitere og stimulere relevante offentlege og private aktørar***
Kommunen skal leggje til rette for ein brei prosess i arbeidet med heilskapleg ROS. I tillegg til å involvere den politiske leiinga i kommunen, administrasjonen og eigne fagområde, skal kommunen invitere eksterne aktørar inn i arbeidet (sjå kapittel 2.3 og les meir i *rettleiar heilskapleg ROS*).

Kommunen har også ei samordnings- og pådrivarrolle når det gjeld å få aktørane til å følgje opp funn frå heilskapleg ROS.

***Førebyggjande og skadeavgrensande tiltak***
I heilskapleg ROS identifiserast tiltak som kan bidra til å styrke samfunnstryggleiken i kommunen. Dette kan vere tiltak for å

- førebyggje uønskte hendingar
- styrke beredskap og krisehandteringsevna

- auke kunnskapen om risiko og sårbare sider i kommunen som t.d. behov for meir detaljerte analysar i arealplanlegginga eller i den andre fagområda til kommunen
- sikre oppdatering og oppfølging av samfunnstryggleiksarbeidet i tråd med utviklinga i kommunen

Desse tiltaka samlast i plan for oppfølging av samfunnstryggleiksarbeidet (§ 3 a). Planen behandlast i leiinga til kommunen.

Metoden for å gjennomføre heilskapleg ROS utviklast jamleg. Dette gjeld også omgrepsbruken. No omtalast til dømes *førebyggjande og skadeavgrensande tiltak* ofte som sannsyns- og konsekvensreduserande tiltak.

### § 3 HEILSKAPLEG OG SYSTEMATISK SAMFUNNSTRYGGLEIKS- OG BEREDSKAPSARBEID

> *På bakgrunn av den heilskaplege risiko- og sårbaranalysen skal kommunen:*
>
> *a. utarbeide langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet*
> *b. vurdere tilhøve som bør integrerast i planar og prosessar etter lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggjesaksbehandling (plan- og bygningslova)*

Vilkåret er eit systemkrav. Det gjev kommunen ei plikt til å leggje heilskapleg ROS til grunn for arbeidet med samfunnstryggleik. Det er ikkje eit krav om eit eige system, men eit mål om at arbeidet skal vere *heilskapleg og systematisk* (§ 1). Sjå nærmare omtale av dette i kapittel 2.2.

Vilkåret utdjupar sivilvernelova § 14 andre ledd, som seier at *"Risiko- og sårbarhetsanalysen skal legges til grunn for kommunens arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap, herunder ved utarbeiding av planer etter lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)"*.

Sivilvernelova (§ 14) og forskrifta om kommunal beredskapsplikt (§§ 3, 4 og 6) legg til rette for at arbeidet til kommunen med samfunnstryggleik blir integrert i det heilskaplege plan- og styringssystemet som plan- og bygningslova (pbl) regulerer.

I tråd med sivilvernelova § 14 er langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging å rekne som ein del av heilskapleg ROS, og skal følgje dei krava som er gjevne om oppdatering, revisjon og naudsynte erindringar (§§ 5 og 8). Les meir om oppfølging av heilskapleg ROS i *rettleiar til heilskapleg ROS i kommunen.*

§ 3 a) stiller krav som gjer det enklare å integrere samfunnstryggleiksarbeidet i planar og prosessar etter pbl. Samstundes er det ikkje eit krav at arbeidet med kommunal beredskapsplikt skal inngå i planar etter pbl.

***Langsiktige mål, strategiar og prioriteringar***
*Langsiktige mål* mål utarbeidast på bakgrunn av heilskapleg ROS og bør spegle att korleis kommunen vil arbeide for å styrke samfunnstryggleiken. Dei langsiktige måla bør vere forankra og godt kjende i kommunen. Måla gjev kommunen noko å strekkje seg etter, og noko å vurdere resultata opp mot. Måloppnåing og status på tiltak kan vurderast i samanheng med at heilskapleg ROS blir oppdatert (§ 6).

*Strategier* seier noko om vegval, og korleis kommunen vil arbeide for å nå dei langsiktige måla. Dei strategiske vala på samfunnstryggleiksområdet kan gje føringar for kommunen til dømes innan næringsutvikling, arealbruk og tilpassing til klimaendringane. Kommunen følgjer opp dei strategiske vala gjennom å *prioritere* tiltak i plan for oppfølging av samfunnstryggleiksarbeidet.

***Plan for oppfølging av samfunnstryggleiksarbeidet***
I plan for oppfølging skildrast planen til kommunen for å styrke samfunnstryggleiken på bakgrunn av heilskapleg ROS. Planen bør innehalde langsiktige mål, strategiar og prioriterte tiltak. Slike tiltak vil vere:

- Tiltak som styrkjer samfunnstryggleik både når det gjeld førebygging, beredskap og krisehandtering. Tiltaka bør støtte opp under kommunen si samordningsrolle, rolle som lokal fagstyresmakt og rolle som pådrivar.
- Tiltak som sikrar systematikk i arbeidet, både når det gjeld revisjonar, oppdateringar og oppfølging av funn frå tilsyn og evalueringar etter øvingar og hendingar.

Forskrifta stiller ikkje krav til oppfølging av funn etter heilskapleg ROS utover at det skal lagast ein plan for oppfølging, og at det skal liggje føre ein

overordna beredskapsplan[6]. Kommunen kan likevel ha ansvar for å følgje opp funn frå heilskapleg ROS gjennom lovpålagde krav innan andre fagområde (til dømes brann, helse og sosial og samfunnsplanlegging). Kommunen kan også ut frå eigne mål om å styrke samfunnstryggleiken, følgje opp funn frå heilskapleg ROS med konkrete tiltak.

DSB rår difor til at plan for oppfølging blir eit sentralt dokument i arbeidet til kommunen, og «navet» i det systematiske samfunnstryggleiksarbeidet (sjå kapittel 2.2).

***Integrering i planar og prosessar etter plan- og bygningslova (pbl)***

Kommunen vel sjølv kva som skal vere innhaldet i planar etter pbl. Forskrifta § 3 b) gjev kommunen ei plikt til å vurdere om funn frå heilskapleg ROS, mål, plan for oppfølging og overordna beredskapsplan bør integrerast og følgjast opp i planar og prosessar etter pbl.

DSB rår til at samfunnstryggleiksarbeidet blir integrert i planar etter pbl. Med ei slik tilnærming synleggjerast samfunnstryggleiksarbeidet i samanheng med kommunen sine andre ansvarsområde. Det leggjast også til rette for å fremje samfunnstryggleik i planar etter pbl (sjå pbl § 3-1 h) i tråd med utviklinga til kommunesamfunnet.

Funn frå heilskapleg ROS bør også leggjast til grunn i arealplanlegginga, til dømes gjennom tiltak som meir detaljerte vurderingar i ROS-analysar for planar for utbygging (sjå pbl § 4-3). Les meir om dette i *rettleiar til heilskapleg ROS.*

For Longyearbyen lokalstyre er integrering i planar og prosessar avgrensa til å gjelde ei vurdering av om tilhøve bør integrerast i arealplanlegging (sjå svalbardmiljølova, kapittel VI).

I DSB sin rettleiar *"Samfunnstryggleik i arealplanlegginga til kommunen"* er det gjeve nærmare skildring av korleis samfunnstryggleik blir teke hand om i planar etter pbl.

[6] Prop. 91 L 2009–2010 pkt. 11.4.3) "lovforslaget stiller i seg selv ikke krav om oppfølgende tiltak (utover kravet til utarbeidelse av overordnet beredskapsplan) dersom det gjennom ROS-analysen avdekkes feil og mangler i kommunen. Slike tiltak for å redusere sårbarheten og bedre samfunnssikkerheten, forutsettes regulert gjennom respektiv sektorlovgivning".

## § 4 BEREDSKAPSPLAN

*Kommunen skal vere førebudd på å handtere uønskte hendingar, og skal med utgangspunkt i den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen utarbeide ein overordna beredskapsplan. Den overordna beredskapsplanen til kommunen skal samordne og integrere andre beredskapsplanar i kommunen. Han skal også vere samordna med andre relevante offentlege og private krise- og beredskapsplanar.*

*Beredskapsplanen skal som eit minimum innehalde:*

*a. ein plan for kommunen si kriseleiing som gjev opplysningar om kven som utgjer kommunen si kriseleiing og deira ansvar, roller og fullmakter, under dette kven som har fullmakt til å bestemme at kriseleiinga skal samlast*
*b. ei varslingsliste over aktørar som har ei rolle i krisehandteringa til kommunen. Kommunen skal varsle alle som står på varslingslista om deira rolle i krisehandteringa*
*c. ei ressursoversikt som skal innehalde opplysningar om kva ressursar kommunen sjølv rår over og kva ressursar som er tilgjengelege hos andre aktørar ved uønskte hendingar. Kommunen bør på førehand inngå avtalar med relevante aktørar om bistand under kriser*
*d. evakueringsplanar og plan for befolkningsvarsling basert på den heilskaplege risiko- og sårbaranalysen*
*e. plan for krisekommunikasjon med befolkninga, media og eigne tilsette*

*Beredskapsplanen kan utarbeidast som ein handlingsdel til kommunedelplanen ifølgje plan- og bygningslova.*

samfunnstryggleiks-utfordringane til kommunen.

Vilkåret utdjupar § 15 i sivilvernelova første og andre ledd: *"Med utgangspunkt i risiko- og sårbarhetsanalysen etter § 14 skal kommunen utarbeide en beredskapsplan. Beredskapsplanen skal innehalde ei oversikt over kva for tiltak kommunen har førebudd for å handtere uønskte hendingar. Som et minimum skal beredskapsplanen inneholde en plan for kommunens kriseledelse, varslingslister, ressursoversikt, evakueringsplan og plan for informasjon til befolkningen og media"*.

Overordna beredskapsplan skal til ei kvar tid vere oppdatert og tilpassa utfordringane til kommunen (§ 6). Planen skal øvast (§ 7), og funn frå evalueringar etter øvingar og uønskte hendingar skal følgjast opp med naudsynte endringar i overordna beredskaps- plan og andre beredskapsplanar (§ 8).

***Overordna beredskapsplan***

Overordna beredskapsplan er eit av dei viktigaste verkemidla i kommunen si oppfølging av kommunal beredskapsplikt. Planen skal hjelpe kommunen å leie kommunen si krisehandtering om det skjer uønskte hendingar.

I forskrifta brukast omgrepet *overordna* beredskaps- plan. Dette for å skilje han frå kommunen sine mange fagområde og krav til kommunen om beredskaps- planar (sjå kapittel 2.3). Oversikt over utvalde krav er i vedlegg 2.

Planen bør ha ei generisk tilnærming (all hazard approach)[7], slik at han speglar att kommunen si samordningsrolle og er eigna til å handtere ulike typar uønskte hendingar. I tillegg skal overordna beredskapsplan samordne og integrere kommunen og andre aktørar sine beredskapsplanar.

Overordna beredskapsplan skal som eit minimum innehalde plan for kommunen si kriseleiing (§ 4 a), varslingsliste (§ 4 b), ressursoversikt (§ 4 c), evakue- ringsplan (§ 4 d), plan for befolkningsvarsling basert på heilskapleg ROS (§ 4 d) og plan for krisekommuni- kasjon (§ 4 e).

I tillegg kan overordna beredskapsplan innehalde særskilde prosedyrar/beredskapstiltak som er laga på bakgrunn av funn i heilskapleg ROS. Døme på slike prosedyrar/tiltak kan vere:

- Kriseleiinga sin eigenberedskap ved uønskte hendingar (til dømes brot i ekomtenester).
- Samarbeid med andre aktørar ved handtering av ei uønskt hending, under dette samarbeid med næringslivet om næringsberedskapen.
- Prosedyrar/beredskapstiltak som knytast til andre beredskapsplanar. Eit døme kan vere funn knytte til forsyningar av nødvatn. Kommunen som vassverkeigar kan finne det mest føremålstenleg å utvikle tiltak i beredskapsplan for drikkevatn for å ta hand om dette.
- Oppfølging av sårbare grupper.
- Særskilde beredskapstiltak for effektiv handte- ring av enkelte typar hendingar som kommunen er utsett for (til dømes handtering av flaum og straumbrot).

***Samordne og integrere andre beredskapsplanar***

DSB rår til at kommunen utarbeider overordna beredskapsplan i samarbeid med andre samfunnstryggleiksaktørar. På denne måten etablerast gjensidige oversikter over planar, ansvar, roller og ressursar. Ein god arena for eit slikt samarbeid vil vere det kommunale beredskapsrådet (sjå kapittel 2).

Figur 5 illustrerer overordna beredskapsplan og tilhøvet til eit utval av andre beredskapsplanar i kommunen. Den overordna beredskapsplanen er ikkje meint å skulle samle og gje att alle dei einskilde planane, men heller gje ein struktur som viser samanheng mellom overordna beredskapsplan og beredskapsplanar innan ulike fagområde.

[7] Generisk tilnærming/all hazard approch inneber at overordna beredskapsplan er utforma generelt, og er med det overførbar frå situasjon til situasjon (ulike hendingstypar).




**FIGUR 5.** Overordna beredskapsplan og andre beredskapsplanar.

I tillegg til kommunen sine ulike beredskapsplanar, vil det også vere beredskapsplanar hos andre relevante aktørar som skal samordnast med overordna beredskapsplan. Dette kan til dømes vere beredskapsplanar hos:

- Politi, Statens vegvesen, regional vegmyndighet, Kystverket, Forvaret, Sivilforsvar, vidaregåande skolar og høgskolar, helseføretak etc.
- Beredskapsplanane for kritiske samfunnsfunksjonar for forsyningar av mat, medisinar, drivstoff, transporttenester, energi, ekomtenester etc.
- Risikoverksemder som storulykkeverksemder og andre som lagrar og handsamar farlege stoff, dameigarar, arrangørar av store arrangement og reiselivsbransjen.
- Private leverandørar/tenester innan opplæring, sosial, helse og omsorg.
- Frivillige organisasjonar og andre.

Fleire av planane som samordnast under overordna beredskapsplan kan krevje tryggingsgradert behandling etter tryggingslova.

***Minimumskrav til overordna beredskapsplan:***

Plan for kommunen si kriseleiing (§ 4 a)

Overordna beredskapsplan skal innehalde ein plan for kommunen si kriseleiing. Ein slik plan gjev opplysningar om:

- Kven som utgjer kommunen si øvste leiing ved handtering av uønskte hendingar og deira roller og ansvar.
- Førebudde fullmakter og prosedyrar for å etablere og drifte kriseleiinga gjennom handteringa av uønskte hendingar.

Leiinga i kommunen er kommunen si kriseleiing. I tråd med ansvars- og likskapsprinsippet (sjå kapittel 2) er det leiinga i kommunen i det daglege som også skal vere kommunen si leiing ved handtering av uønskte hendingar. Ansvar og organisering følgjer av dei rammer og fullmakter som er gjevne i kommunelova §§ 5-3 og 13-1. Kommunen bør vurdere om det er behov for å tryggingsklarere nøkkelpersonell i kriseleiinga.

I plan for kriseleiing skal det gå fram kven som har fullmakter til å kalle inn kriseleiinga.

I planen skal rolle- og ansvarsfordeling vere skildra. Det skal også liggje føre førebudde fullmakter for å kunne handle raskt i ein akutt situasjon.

Kriseleiinga bør ha tilgang til naudsynte tekniske løysingar som datautstyr, konferanseutstyr, TV, video, telefonar og krisestøtteverktøy.

Kriseleiinga til kommunen er å forstå som ein kritisk samfunnsfunksjon som skal kunne oppretthaldast uansett hending og lengde på denne, både i fred, ved tryggingspolitiske kriser og ved væpna konflikt. Gjennom heilskapleg ROS kan det også vere avdekt behov for naudsynt eigenberedskapstiltak for å sikre at funksjonen til kriseleiinga oppretthaldast. Slike prosedyrar/tiltak for eigenberedskap kan t.d. omfatte tilstrekkeleg bemanning, nødstraum, alternative kommunikasjonsløysingar og lokale.

Kriseleiinga til kommunen kan utvidast med støttepersonell og fagansvarlege, avhengig av korleis den uønskte hendinga artar seg og omfanget av henne. På denne måten kan kommunen byggje ein kriseorganisasjon tilpassa behovet sitt.

**Nærmare om kriseorganisasjon**

Kriseorganisasjonen til kommunen er i utgangspunktet kriseleiinga i kommunen. Kriseleiinga kan etablere ein kriseorganisasjon som inkluderer støttefunksjonar i ein krisestab, beredskap innan kommunen sine ansvarsområde (sjå kapittel 2.3) og særskilde funksjonar. Særskilde funksjonar kan t.d. vere:

- Psykososiale kriseteam,
- Beredskapsteam på den einskilde skole, sjukeheim og liknande

Kommunen sin kriseorganisasjon




Kriseleiinga skal vere førebudd på følgjande:

- Raskt vedta iverksetjing av tiltak innanfor ansvarsområda til kommunen, som t.d. informasjon til befolkninga, etablering av evakueringssenter og psykososialt støtteteam.
- Vere kommunen sitt ansikt utetter og sikre god kommunikasjon med befolkninga, eigne tilsette og media (§ 4 e).
- Ta hand om samordning av den lokale handteringa gjennom kontakt med interne og eksterne samfunnstryggleiksaktørar.
- Syte for tilstrekkelege ressursar for å kunne handtere uønskte hendingar i tråd med avtalar (§ 4 c). Ved særskilde behov
    - drøfte prioriteringar og fordeling av knappe ressursar i samarbeid med andre samfunnstryggleiksaktørar og eventuelle nabokommunar.
    - formidle eventuelt ressursbehov til statsforvaltaren og/eller andre regionale samfunnstryggleiksaktørar.
- Om naudsynt, ta initiativ for å avklare kva aktørar som har ansvar i krisehandteringa.
- Overvake situasjonen og ha dialog med interne og eksterne samfunnstryggleiksaktørar som er råka av den uønskte hendinga.
- Utvikle og formidle ei samla situasjonsforståing med utgangspunkt i informasjon frå dei ansvarsområda i kommunen som er råka og andre råka aktørar (sjå figur 6).
- Jamleg orientere relevante politiske organ ved handtering av langvarige uønskte hendingar.
- Syte for at det rapporterast til statsforvaltaren på samordningskanal, sjå *"Retningslinjer for varsling og rapportering på samordningskanal".*
- Sikre naudsynte vikarar og bemanning av kriseleiinga i situasjonar der dei faste medlemene er fråverande.

Det kan vere føremålstenleg å etablere ein krisestab for å støtte kriseleiinga til kommunen. Med ein krisestab vil kriseleiinga kunne spele på nøkkelpersonell, medarbeidarar med ansvar for krisekommunikasjon og eit fagleg og administrativt støtteapparat for gode avgjerdsgrunnlag og effektiv handtering.

Om kommunen legg opp til at kriseleiing skal ha støtte av ein krisestab, bør planen for kriseleiing tydeleg skildre kva som er oppgåvene til kriseleiinga, og kva som er oppgåvene til staben.

Oppgåvene til krisestaben kan vere å:

- Varsle internt og eksternt jf. retningslinjer og rutinar (§ 4 b).
- Overvake situasjonen og ha dialog med interne og eksterne samfunnstryggleiksaktørar som er råka av den uønskte hendinga.
- Utvikle og formidle ei samla situasjonsforståing med utgangspunkt i informasjon frå dei ansvarsområda i kommunen som er råka og andre råka aktørar (sjå figur 6).
- Halde kriseleiinga orientert om utviklinga av hendinga.
- Gje råd til kriseleiinga om moglege tiltak.
- Følgje opp vedtekne tiltak frå kriseleiinga.
- Ta hand om oppgåver som er knytte til krisekommunikasjon om det ikkje etablerast eigen krisekommunikasjonsstab (§ 4 e).
- Vere ein administrativ og praktisk støttefunksjon for kriseleiinga.
- Syte for forpleiing og ei høveleg rullering av personell i kommunen sin kriseorganisasjon.
- Gjere loggføring og situasjonsrapportering etter fastsette retningslinjer og rutinar, gjerne ved bruk av krisestøtteverktøy.

<u>Varslingsliste (§ 4 b)</u>

Overordna beredskapsplan skal innehalde ei varslingsliste. Varslingslista er ei oversikt over kontaktinformasjon til dei som har ei rolle i kommunen sin kriseorganisasjon. Ho inneheld også kontaktinformasjon til andre relevante samfunnstryggleiksaktørar som kommunen vil ha behov for å kome raskt i kontakt med ved krisehandtering.

Det er kommunen sitt ansvar å syte for at alle som er oppførte i varslingslista til kommunen, er kjende med dette. Dei skal også vere kjende med kva rolle dei er tiltenkte i krisehandteringa, og skal ha fått den opplæringa som er naudsynt (§ 7).

<u>Ressursoversikt (§ 4 c)</u>

Overordna beredskapsplan skal innehalde ei ressursoversikt. Ressursoversikta skal gje opplysningar om kompetanse og ressursar til kommunen og andre samfunnstryggleiksaktørar som kan vere tilgjengelege for å handtere uønskte hendingar. Ressursbehovet er ofte kartlagt gjennom arbeidet med heilskapleg ROS. Det kan vere føremålstenleg å samordne ressursoversikt og varslingsliste (§ 4 b).




**FIGUR 6.** Situasjonsforståing.

Det er tilrådd at kommunen inngår avtalar med relevante aktørar om hjelp om uønskte hendingar skulle oppstå. Føremålet med ein slik avtale, er at kommunen kan forsikre seg om at aktøren kan stille med dei naudsynte ressursane.

Ressursoversikta bør vise tilgang på ressursar som kan bidra til at kommunen kan oppretthalde tenestene sine, eigen kriseorganisasjon og verne befolkninga. Dette kan til dømes vere ressursar som er naudsynte for å ta hand om grunnleggjande behov, gje omsorg for utsette grupper og kunne ta imot evakuerte. Ressursoversikta bør ikkje vere så detaljert at det blir vanskeleg å halde ho oppdatert.

Når det er avgrensa tilgang på ressursar ved handtering av ei uønskt hending, kan kommunen samarbeide med andre samfunnstryggleiksaktørar i å kartleggje bistandsbehov og avklare korleis ressursar kan skaffast. Mellom anna vil regionale samfunnstryggleiksaktørar som statsforvaltaren, Sivilforsvaret og næringslivet kunne ha i oppgåve å støtte kommunen i ein slik situasjon.

Evakueringsplan (§ 4 d)

Overordna beredskapsplan skal innehalde evakueringsplan. Evakueringsplanen skal innehalde førebudde tiltak for å ta hand om dei grunnleggjande behova til råka personar ved uønskte hendingar. Gjennom heilskapleg ROS skal kommunen ha vurdert innhald og omfang av evakueringsplanen (§ 2 f).

Det er *politiet sitt* ansvar å evakuere, det vil seie å vedta evakuering og syte for at råka personar kjem i tryggleik (sjå politilova § 27). Evakueringa kan skje frivillig, eller som ei tvangsmessig vedteke evakuering. Oppgåva til kommunen er å syte for å ta hand om dei evakuerte. Kommunen kan også tilby forpleiing for personar som er råka av ei hending, sjølv om politiet ikkje har vedteke evakuering.

Politiet har utarbeidd ein *"Rettleiar for politiet si handtering av pårørande og evakuerte ved store hendingar"*. I rettleiaren stillast det forventningar til mellom anna kommunen si organisering og drift av evakuert- og pårørandesenter:

- Kommunen skal ha prosedyrar for å etablere eit evakuert- og pårørandesenter med driftsapparat. Her kan kommunen samarbeide med politiet, frivillige organisasjonar, tru- og livssynssamfunn og næringslivet.
- Relevante oppgåver er:
    - Stille til disposisjon naudsynte lokalitetar, personell, materiell og vakthald.
    - Tilby forpleiing til evakuerte, råka partar og pårørande.
    - Stille helsepersonell til disposisjon.
    - Tilby psykososial omsorg, samtalar og støtte til involverte.
    - Tilby eventuelle tolketenester.
    - Skaffe fram transport og kommunikasjonsmiddel ved behov.
    - Ta hand om kontakt med kriseleiinga i kommunen.
- Skildring av ansvar og rutinar for oppdatering, øvingar og liknande i tråd med krav til overordna beredskapsplan.

Dette bør innarbeidast i evakueringsplanen til kommunen.

Kravet om evakueringsplan må ein sjå i samanheng med krav til kommunen sin beredskap og individuelle tenester etter sosialtenestelova og oppgåver for å hjelpa evakuering ved atomulykker (strålevernlova). Ved ein eventuell fare for krig kan kommunen få meir omfattande oppgåver, ved at han kan peikast ut til å vere tilflyttingskommune for evakuerte frå krigsutsette område. I ein slik situasjon kan også Sivilforsvaret gjennomføre evakuering, med fullmakt frå regjeringa (sivilvernelova § 17).

Plan for befolkningsvarsling basert på heilskapleg ROS (§ 4 d)

Kravet inneber å følgje opp eventuelle behov for befolkningsvarsling som er identifisert gjennom heilskapleg ROS, og som ikkje blir tekne hand om gjennom eksisterande ordningar[8] (§ 2 f).

Kommunen skal vurdere og eventuelt avgjere (§§ 2 f) og 3) om det skal etablerast ein plan for befolkningsvarsling. Befolkningsvarsling inneber å bruke etablerte infrastrukturar for raskt å varsle heile eller delar av befolkninga som er, eller kan bli råka av ei uønskt hending.

[8] Kravet til kommunen om *plan for befolkningsvarsling* har ikkje heimel i sivilvernelova §§ 14 og 15, men i forskrifta.

Det er i utgangspunktet *politiet* som set i gang befolkningsvarsling. Dette blir gjort gjennom sendingar på NRK P1, via tyfonanlegget til Sivilforsvaret og/eller gjennom fjellskredvarslinga til NVE.

Om kommunen vel å etablere eit eige befolkningsvarslingssystem, bør plan for befolkningsvarsling innehalde:

- Skildring av roller, ansvar, rutinar for iverksetjing.
- Planar for øvingar.
- Avtalar for varsling av befolkninga.
- Dekningsgrad og avgrensingar i varslingssystemet.

Plan for krisekommunikasjon (§ 4 e)

Plan for krisekommunikasjon er verktøyet kriseleiinga har for kommunikasjon med befolkninga, medium og eigne tilsette ved uønskte hendingar. I planen bør det vere rutinar for å samarbeide med andre samfunnstryggleiksaktørar slik at krisekommunikasjonen framstår mest mogleg *samordna og heilskapleg* frå kommunen.

Plan for krisekommunikasjon bør skildre fordeling av roller og ansvar, lokale og rutinar for kommunen sitt arbeid med krisekommunikasjon. Det er viktig at det planleggjast for ei føremålstenleg rullering av personell ved langvarige hendingar.

DSB har utarbeidd *"Rettleiar for krisekommunikasjon"*. Rettleiaren er retta mot fleire målgrupper, og er eit godt utgangspunkt for kommunen sitt arbeid med plan for krisekommunikasjon.

Om kommunen på bakgrunn av heilskapleg ROS har vedteke særlege tiltak innan krisekommunikasjon, må det kome fram av krisekommunikasjonsplanen. Dette kan til dømes vere informasjon på fleire språk og informasjon om beredskap i heimen (befolkninga sin eigenberedskap).

***Overordna beredskapsplan som handlingsdel til kommunedelplanen***

Overordna beredskapsplan kan vere eit sjølvstendig dokument, men kan også integrerast i planar og prosessar etter pbl. Dette er på lik linje med funn frå heilskapleg ROS, langsiktige mål og plan for oppfølging av samfunnstryggleiksarbeidet (§ 3).

Om kommunen vel å gjere overordna beredskapsplan til handlingsdel til kommuneplanen, regulerer dette også på kva nivå kommunen skal fatte enkelte avgjerder. Dette inneber at kommunestyret skal vedta planen (sjå pbl § 11-15). Då er det også kommunestyret som vedtek kven som skal vere del av kommunen si kriseleiing, og fastset ansvar, roller og fullmakter (sjå kommunelova § 6).

## § 5 SAMARBEID MELLOM KOMMUNAR

*Der det er føremålstenleg bør det etablerast samarbeid mellom kommunar i arbeidet med lokale og regionale løysingar av førebyggjande og beredskapsmessige oppgåver, med sikte på best mogleg utnytting av dei samla ressursane. Kvar kommune skal ha ein eigen beredskapsplan og heilskapleg risiko- og sårbaranalyse i høve til forskrifta.*

Samfunnstryggleiksutfordringane følgjer ikkje nødvendigvis kommunegrensene (§ 2 b). For å samarbeide om slike utfordringar, og samstundes kunne spele på større og meir robuste fagmiljø, oppmodast det til samarbeid mellom kommunar for å løyse samfunnstryggleiksoppgåver. Vilkåret er ei oppfølging av §§ 14 og 15 i sivilvernelova og forarbeida til lova[9], der det blir rådd til samarbeid mellom kommunane.

I utgangspunktet gjeld ikkje denne paragrafen på Svalbard, men DSB oppmodar til samarbeid mellom Lokalstyret og kommunar på fastlandet.

Vilkåret skildrar mogleg samarbeid om heilskapleg ROS og overordna beredskapsplan.

Til dømes når:

- Kommunane har tilnærma like risiko- og sårbarbilete.
- Eventuelle uønskte hendingar ikkje avgrensast til ein kommune (til dømes svikt i kritiske samfunnsfunksjonar).

[9] Prop. 91 L 2009–2010.

- Kommunane allereie samarbeider om sentrale beredskapsoppgåver og -ressursar, og eit ytterlegare samarbeid kan bidra til betre utnytting av ressursane.

Døme på område der kommunane kan samarbeide er:

- Sams prosess for gjennomføring av heilskapleg ROS. Ofte har nabokommunar dei same utfordringane, og ei hending i ein kommune kan få konsekvensar for ein annan. Det vil ofte vere slik at fleire kommunar ønskjer å invitere dei same eksterne aktørane inn i analyseprosessen, og at fellesskap rundt utarbeidinga av analysen vil gje meir effektiv bruk av ressursar.
- Samarbeid om ulike typar tiltak for å redusere sams risiko og sårbare sider.
- Samarbeid om å utvikle både fagspesifikke beredskapsplanar og overordna beredskapsplan.
- Samarbeid om å øve overordna beredskapsplan.

Både i arbeidet med heilskapleg ROS, overordna beredskapsplan og fagspesifikke beredskapsplanar vil ein støyte på problemstillingar og utfordringar som strekkjer seg utover den enkelte kommunegrense. Når kommunar vel å samarbeide, er det viktig at kvar enkelt kommune deltek og sikrar at prosessen er tilstrekkeleg forankra i eigen kommune (§§ 2 og 4).

***Eigen beredskapsplan og heilskapleg risiko- og sårbaranalyse***

Kvar kommune skal ha sjølvstendige dokument for heilskapleg ROS og overordna beredskapsplan. Dokumenta må oppfylle krava i lov og forskrift. DSB sin *rettleiar heilskapleg ROS* skildrar dette nærmare.

## § 6 OPPDATERING/REVISJON

*Risiko- og sårbaranalysen skal oppdaterast i takt med revisjon av kommunedelplanar, jf. lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova) § 11-4 første ledd, og elles ved endringar i risiko- og sårbarbiletet.*

*Beredskapsplanen til kommunen skal til ei kvar tid vere oppdatert, og som eit minimum reviderast ein gong om året. Av planen skal det gå fram kven som har ansvaret for oppdatering av planen og kva tid planen sist er oppdatert.*

Vilkåret utdjupar sivilvernelova § 14 tredje ledd som seier at *"Risiko- og sårbarhetsanalysen skal oppdateres i takt med revisjon av kommunedelplaner, jf. lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) § 11-4 første ledd, og for øvrig ved endringer i risiko- og sårbarhetsbildet", og § 15 tredje ledd som sier at "Beredskapsplanen skal være oppdatert og revideres minimum én gang per år. Kommunen skal sørge for at planen blir jevnlig øvet".*

Det stillast krav til at både heilskapleg ROS og overordna beredskapsplan skal kvalitetssikrast, oppdaterast og reviderast som ein del av det systematiske samfunnstryggleiksarbeidet (kapittel 2.2). Krav til rutinemessig oppdatering og vedlikehald kan inngå i plan for oppfølging, eller som eigne rutinar i respektive heilskapleg ROS og overordna beredskapsplan. Sjå elles omtale av krav til oppdatering og utvikling under §§ 2, 3 og 4.

Krav til oppdatering av heilskapleg ROS er gjeve i sivilvernelova § 14. Dette kravet inkluderer også krav til revisjon av langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging (§ 3). Sjå nærmare skildring av dette i *Rettleiar til heilskapleg ROS.*

***Heilskapleg ROS skal oppdaterast:***

- Når risiko- og sårbarbiletet endrast. At heilskapleg ROS er oppdatert er viktig for at kommunen skal ha eit plangrunnlag for arbeidet med samfunnstryggleik som er i tråd med utviklinga. I forarbeida til sivilvernelova[10] er terskelen for endringar av risiko- og sårbarbiletet lagt lågt. Døme kan vere at det etablerast asylmottak eller industriverksemd som handsamar farlege stoff.
- I takt med revisjon av kommunedelplanar. Dette vil seie at kommunen kvart fjerde år i samband med ny kommunal planstrategi, skal ta stilling til planbehovet for perioden (sjå pbl §§ 11-4, 10-1). I denne samanhengen vurderast det også om heilskapleg ROS skal reviderast.
- Når evalueringar av øvingar og uønskte hendingar gjev grunnlag for å gjere naudsynte endringar i heilskapleg ROS (§ 8).

[10] Prop. 91 L 2009–2010.

- Om tilsyn (§ 10), eigenkontroll og forvaltningsrevisjon (kommunelova) avdekkjer at heilskapleg ROS ikkje er i tråd med lovpålagde krav.

Ein oppdatert heilskapleg ROS skal forankrast i kommunestyret (§ 2). Ein oppdatert heilskapleg ROS fører også til behov for revisjon av langsiktige mål og plan for oppfølging av samfunnstryggleiksarbeidet (§ 3 og sivilvernelova § 14).

Det er følgjande krav til revisjon og oppdatering av ***overordna beredskapsplan:***

- Han skal til ei kvar tid *vere oppdatert*. Det skal gå tydeleg fram kven som er ansvarleg for oppdatering av planen, med kva frekvens dette skal skje, og kva tid han siste er oppdatert (§ 6).
- Han skal *som eit minimum reviderast årleg* (§ 6). Med revisjon av overordna beredskapsplan meiner vi ein årleg gjennomgang og endringar med påfølgjande oppdatering og behandling i kommunen si leiing.
- Ved *endringar i plangrunnlaget gjennom heilskapleg ROS og plan for oppfølging* (§§ 4 og 6) skal overordna beredskapsplan oppdaterast.
- Når *evalueringar av øvingar og uønskte hendingar* gjev grunnlag for å foreta naudsynte endringar skal overordna beredskapsplan oppdaterast (§ 8).
- Om overordna beredskapsplan er vedteken som handlingsdel til kommunedelplan, skal han følgje vilkåra i pbl § 11-4 om årleg revisjon (§ 4).
- Om tilsyn, eigenkontroll og forvaltningsrevisjon (ref. kommunelova) avdekkjer at overordna beredskapsplan ikkje er i tråd med lovpålagde krav (§ 10).

## § 7 ØVINGAR OG OPPLÆRING

*Kommunen sin beredskapsplan skal øvast annakvart år. Scenarioa for øvingane bør hentast frå kommunen sin heilskaplege risiko- og sårbaranalyse. Kommunen skal øve saman med andre kommunar og relevante aktørar der valt scenario og øvingsform gjer dette passande.*

*Kommunen skal ha eit system for opplæring som sikrar at alle som er tiltenkt ei rolle i kommunen si krisehandtering har tilstrekkelege kvalifikasjonar.*

Vilkåret konkretiserer sivilvernelova § 15 tredje ledd som seier at *"Beredskapsplanen skal være oppdatert og revideres minimum én gang per år. Kommunen skal sørge for at planen blir jevnlig øvet"*.

Vilkåret skal sikre at kommunen si kriseleiing er rusta til å ta hand om oppgåvene sine ved handtering av uønskte hendingar (§ 4). Gjennom øvingar kan kommunen teste og vidareutvikle beredskapsplanane og kriseorganisasjonen sin, gje opplæring til dei som inngår i kommunen sin kriseorganisasjon og avdekkje sterke og svake sider i samfunnstryggleiksarbeidet.

DSB har laga ein *"Rettleiar i planlegging, gjennomføring og evaluering av øvingar".* Rettleiaren består av ei grunnbok og fleire metodehefte. Her presenterast ulike øvingsformer, og kva øvingsformer som høver seg å bruke kva tid. Rettleiaren tek utgangspunkt i store øvingar for store verksemder med tilgang på mykje ressursar. Kommunen kan ta utgangspunkt i den prosessen rettleiaren skildrar, men ha ei praktisk tilnærming til å tilpasse øvinga til behova til kommunen og tilgjengelege ressursar.

Kommunane bør planleggje, gjennomføre og evaluere øvingar i samarbeid med interne og eksterne aktørar. Viktige øvingsmoment kan vere:

- Avklare roller og ansvar, både internt i eigen organisasjon, mellom kommunen og eksterne aktørar og mellom dei eksterne aktørane.
- Etablere situasjonsforståing.
- Fordele ressursar på tvers av aktørar for å ta hand om befolkninga.
- Krisekommunikasjon.

***Overordna beredskapsplan skal øvast annakvart år***

Den overordna beredskapsplanen bør øvast for å oppnå læring, forståing og utvikling. Dette vil seie at kriseleiinga og eventuelt heile eller delar av resten av kriseorganisasjonen i kommunen (§ 4) øver saman, gjerne også med eksterne aktørar.

Det stillast krav om at overordna beredskapsplan skal øvast minimum annakvart år. Dette er for å sikre kontinuitet og vedlikehald av kommunen sin beredskap. Kravet til frekvens er knytt til deltaking i øving, ikkje til at kommunen sjølv arrangerer henne. Minimumskravet er sjølvsagt ikkje til hinder for at kommunen øver oftare.

***Scenarioa***
Scenarioa for øvingane bør hentast frå kommunen sin heilskaplege ROS. Med scenario i denne samanheng viser vi til identifisering av moglege uønskte hendingar (§ 2) og framdrifta i desse[11] skildra i kommunen sin heilskaplege ROS. I plan for oppfølging (§ 3) kan det visast til ein øvingsplan der det går fram kva slags av dei moglege uønskte hendingane det skal utviklast øvingsscenario for, kva tid øvingane bør gjennomførast og kven som skal øvast.

Forskrifta regulerer ikkje val av øvingsform. Øvingsforma bør veljast på bakgrunn av øvingsmål, ressursar og om det er ei øving som berre involverer kriseleiinga, eller om det er behov for å involvere andre aktørar enn kommunen i øvinga.

***System for opplæring***
Forskrifta stiller krav om at kommunen har eit system for opplæring. Bakgrunnen for dette er at tilsette som er tiltenkt ei rolle i kommunen si krisehandtering skal få tilstrekkeleg opplæring for å kunne skjøtte rolla på ein god måte.

Varslingslista (§ 4 b) kan brukast som oversikt over kven som inngår i eit system for opplæring. Opplæring blir først og fremst gjeve i samband med øvingar, men kan også gjevast som eiga internopplæring. Kommunen skal dokumentere systemet sitt for opplæring. Dette kan til dømes gjerast gjennom plan for oppfølging og/eller i kompetanseplanen til kommunen.

Eksterne samfunnstryggleiksaktørar har ansvar for opplæring av eige personell.

## § 8 EVALUERING ETTER ØVINGAR OG UØNSKTE HENDINGAR

> *Kommunen skal etter øvingar og uønskte hendingar evaluere krisehandteringa. Der evalueringa gjev grunnlag for det, skal det gjerast naudsynte endringar i risiko- og sårbaranalysen eller beredskapsplanar.*

Vilkåret konkretiserer sivilvernelova § 14 tredje ledd som seier at *"Risiko- og sårbarhetsanalysen skal oppdateres i takt med revisjon av kommunedelplaner, jf. lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) § 11-4 første ledd, og for øvrig ved endringer i risiko- og sårbarhetsbildet", og § 15 tredje ledd som seier "Beredskapsplanen skal være oppdatert og revideres minimum én gang per år. Kommunen skal sørge for at planen blir jevnlig øvet".*

Vilkåret er gjeve for å synleggjere at erfaringar og læring gjennom øvingar og uønskte hendingar er viktige for å vidareutvikle samfunnstryggleiksarbeidet. Evaluering og læring er også viktige element i kommunen sitt heilskaplege og systematiske arbeid med samfunnstryggleik (sjå kapittel 2.2).

Kommunen kan lage ein generell prosedyre for korleis hendingar og øvingar skal evaluerast, sjå framlegg i vedlegg 4. Dette framlegget kan vere eit utgangspunkt for vidare detaljering ut ifrå behovet til kommunen. For å måle utviklinga i samfunnstryggleiksarbeidet kan kommunen også systematisere kunnskap og forbetringspunkt frå evalueringar over tid.

I tråd med statsforvaltaren sin samfunnstryggleiksinstruks[12] kan statsforvaltaren og Sysselmeisteren også ta initiativ til evalueringar etter øvingar og uønskte hendingar for å sikre læring og utvikling av samfunnstryggleiksarbeidet.

Evalueringa av ei øving bør ein ta hand om allereie i planleggingsfasen av øvinga. Øvingsmåla må utformast slik at ein kan vurdere måloppnåinga i ettertid. Med bakgrunn i føremålet med øvinga og øvingsmåla bør det lagast evalueringskriterium.

Ved større øvingar er det ein fordel om kommunen peikar ut eigne personar til evalueringsarbeidet. Den som skal evaluere øvinga bør samarbeide med dei som planlegg øvinga, slik at det blir samanheng mellom øvingsmål og evalueringskriterium.

[11] Sjå analyseskjema i rettleiar for heilskapleg ROS.

[12] Instruks 19. juni 2015 for fylkesmannens og Sysselmannen på Svalbard sitt arbeid med samfunnstryggleik, beredskap og krisehandtering.

Det er rådd til at dei som har delteke i øvinga samlast for å gå gjennom førsteinntrykka rett etter at øvinga er ferdig. Meininga er å få den direkte opplevinga av øvinga frå deltakarane. Erfaringane vil vere nyttige inn i arbeidet med evalueringsrapporten.

For nærmare omtale av korleis øvingar kan evaluerast, viser vi til DSB sin *"Rettleiar i planlegging, gjennomføring og evaluering av øvingar"*.

Etter uønskte hendingar der kommunen har etablert kriseleiing skal kommunen evaluere krisehandteringa. Evaluering av hendingar er nødvendigvis ein noko annan prosess enn evaluering av øvingar. Om ein evaluerer fleire enn seg sjølv, rår vi til at alle aktørane er med på evalueringa.

Evalueringar av både øvingar og hendingar bør ha søkelys på følgjande:

- Kva fasar av det heilskaplege samfunnstryggleiksarbeidet det er aktuelt å gjere forbetringar for (sjå figur 3).
- Konkrete tiltak for forbetringar i
    - heilskapleg ROS
    - plan for oppfølging av samfunnstryggleiksarbeidet, under dette førebyggjande tiltak
    - overordna beredskapsplan og eventuelt andre beredskapsplanar i kommunen.
- Kven er ansvarleg for oppfølginga av forbetringspunkta.

Ofte vil kommunen sjølv vere ansvarleg for oppfølginga av evalueringa. Der forbetringspunkta gjeld andre aktørar som har vore involverte, bør kommunen gjennom rolla si som pådrivar informere dei eksterne aktørane om funn frå evalueringa. Kommunen bør også ha rutinar for korleis evalueringar handterast i kommuneleiinga.

Om evaluering av øvingar og uønskte hendingar avdekkjer svake sider i heilskapleg ROS og beredskapsplanar i (både overordna beredskapsplan, med eventuelle prosedyrar og i andre beredskapsplanar), skal det gjerast endringar i planane.

Evalueringar av øvingar og uønskte hendingar kan også avdekkje nye utfordringar. I slike tilfelle må kommunen vurdere om dette utgjer så store endringar i risiko- og sårbarbiletet at heilskapleg ROS må reviderast (§ 6), eller om det er tilstrekkeleg å gjere justeringar i analysen og i plan for oppfølging.

### § 9 DOKUMENTASJON

*Kommunen skal dokumentere skriftleg at krava i forskrifta er oppfylte.*

Det er eit krav at kommunen skal kunne dokumentere skriftleg at krava i forskrifta er oppfylte. Dette vil seie at kommunen må kunne dokumentere korleis dei ulike verkemidla i kommunal beredskapsplikt (heilskapleg ROS, plan for oppfølging, overordna beredskapsplan, øvingar, system for opplæring og evalueringar etc.) er følgde opp. Kommunen må også kunne dokumentere korleis verkemidla blir oppdaterte og vidareutvikla.

Dette er eit viktig vilkår som dannar grunnlag for kommunen sitt systematiske arbeid, eigenkontroll og forvaltningsrevisjon. Vilkåret sikrar også at kommunen dokumenterer etterlevinga si av kommunal beredskapsplikt. Dette igjen dannar grunnlag for tilsynet frå statsforvaltaren.

### § 10 TILSYN

*Statsforvaltaren fører tilsyn med lovlegheita av kommunens oppfyllelse av plikter etter denne forskrifta. Tilsynet skal følgja avgjerdene i kommunelova kapittel 30.*

Vilkåret gjev statsforvaltaren tilsynsstyresmakt. Det konkretiserer krava i sivilvernelova § 29 tredje ledd som seier at "For tilsyn med lovligheten av kommunens oppfyllelse av plikter etter §§ 12, 13, 14, 15, 20 og 21 gjelder kapittel 10 A i lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)".

Statsforvaltaren og Sysselmeisteren på Svalbard skal følgje opp at kommunane tek hand om vilkåra om kommunal beredskapsplikt. Dette gjerast mellom anna gjennom tilsyn.

Tilsynet skal vere i tråd med vilkåra i kommunelova i kapittel 30. DSB har laga ein eigen *rettleiar for tilsyn med kommunal beredskapsplikt.*

Statsforvaltaren er også gjeven tilsynsstyresmakt etter næringsberedskapslova. Dette inneber å undersøkje om kommunen følgjer opp plikta til å hjelpe næringslivet i planlegging, førebuingar og gjennomføring av næringsberedskapsoppgåvene gjennom etterleving av § 15 i sivilvernelova.

Kommunane skal følgje opp funn frå tilsynet til statsforvaltaren slik at samfunnstryggleiksarbeid er i tråd med lov, forskrift og tilpassa lokalsamfunnet.

# Vedlegg

# VEDLEGG 1: KOMMUNAL BEREDSKAPSPLIKT I LOV OG FORSKRIFTER

| SIVILVERNELOVA (§§ 2, 14, 15 OG 29) | FORSKRIFT OM KOMMUNAL BEREDSKAPSPLIKT | FORSKRIFT OM BRUK AV SIVILVERNELOVA PÅ SVALBARD OG OM BEREDSKAPSPLIKT FOR LONGYEARBYEN LOKALSTYRE |
|---|---|---|
